

A close-up photograph of a chef's face on the left side of the frame, looking towards the camera with a slight smile. He is wearing a white chef's coat. In his hands, he holds a white rectangular plate containing a dish of salmon tartare. The tartare is made of thin slices of salmon topped with a generous amount of bright orange salmon roe (ikura). It is garnished with finely chopped green onions and a few small lime wedges. The background is blurred, showing what appears to be a professional kitchen environment.

BREMNES FRYSERI

ÅRSMELDING
09

BREMNES FRYSERI er i dag eit holdingselskap, og eig selskapa KALD FISK, ESPEVÆR FISKEOPPDRETT og BREMNES SEASHORE som tek seg av settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, slakting, pakking og foredling, samt innovativ nytenking. BREMNES FRYSERI eig også 49 prosent av SALMON BRANDS, som driv distribusjon og sal av SALMA.

INNHOLD

Vekst og utvikling	4
Oppskrift	6
Rogn – Settefisk	8
Matfisk – Fiskeverksemd	10
Slakteri – Foredling	12
Sal	14
Frå start til mål	16
Bærekraft	18
Fokus på trygg og god mat	20
Operativ verksemrd	23
English summary	25
Styret og tilsette	26
Styret si årsmelding	30
Nøkkeltal	32
Resultatrekneskap	33
Notar til rekneskapen	37
Revisor si melding	49
Først i 1937 – fremst i dag	50



SALMA LAKS ER HEILT UNIK I SMAK OG KVALITET.
Geir Skeie, vinnar Bocuse d'Or 2009

SALMA er ein superfersk skinn- og beinfri lakseloin laga av laks frå BREMNES SEASHORE.

Vekst og utvikling

2009 vareit år laksenæringa gjekk inn i med forventningar, men også eit år med framtidsutsikter som var prega av stor uvisse kring marknadssituasjonen, sidan finanskrisa var i si spede begynning. Det gjekk heldigvis mykje betre enn me hadde frykta. Året vart prega av stor etterspørsel og gode prisar. Det vart ete mykje laks i 2009. Den totale auken i eksportverdi ut frå Noreg vart på heile 31 prosent. Det er imponerande.

Året vart også prega av eit veldig sterkt miljøfokus på laksenæringa. Kampen mot lakselus vart den store utfordringa i 2009. Dei store påslaga av lus hausten 2009 kom overraskande både på oss og resten av næringa. Nedkjemping av lakselus blir også den store utfordringa i 2010. Denne utfordringa må me ta. Dette er viktig av mange grunner. Først og fremst for å hindra at førekommstane av lus truar villaksen når den vandrar ut til våren, men også for omdømet og framtida til laksenæringa. Diverre er det slik at når næringa fokuser på eit problem, så er det samtidig mange andre aktørar som nyttar høvet til å sverta næringa med mykje feilinformasjon. Derfor er det ekstremt viktig at næringa sjølv tek ansvar og byrjar ei meir offensiv profilering av næringa. Me må få fram at me produserer sunn, god og miljøvennleg mat som er etterspurt i over 100 land rundt om i verda.

2009 vart et år med svært stor aktivitet for Bremnes Fryseri AS. Smoltanlegga produserte meir smolt enn nokon gong og utsettet av smolt vart rekordhøgt i 2009. Denne auken heng også saman med kjøpet av Espvær Fiskeoppdrett AS i 2009, som har to konsesjonar.

Lakseoppdrettarane i våre regionar har eit veldig godt samarbeid for å kjempe mot dei biologiske utfordringane. Dette arbeidet har gitt resultat, og det gode samarbeidet mellom lakseoppdrettarane vil også halda fram i åra som kjem. I 2011 vil me starta brakklegging av store sjøområde. Dette vil gjera at drifta av lakseoppdretta vil bli sikrare og dei biologiske utfordringane mindre. Bremnes Fryseri hadde nokre biologiske utfordringar i 2009, men me ser at produksjonen av laks i sjøen går betre og betre.

Nytt laksepakkeri er under planlegging. Når pakkeriet er på plass, vil me få ein stor auke i kapasiteten og vil oppnå ein betydeleg rasjonaliseringseffekt.

Dette vil bli eit anlegg som byggjer vidare på og forsterkar den gode kvaliteten me har på dagens lakseprodukt.

Det nye anlegget for foredling har vore i drift sidan februar 2009. Det er krevjande og utfordrande å starta opp ein helt ny fabrikk, men etter nokre månader med innkjøring fungerer fabrikken etter planen. Me får ein fantastisk kvalitet på lakseprodukta våre. Dette ser me blant anna på salet av Salma. Salma er blitt eit svært høgt akta produkt, noko som er svært gledeleg. Salma har byrja å setja seg som ein merkevare blant forbrukarane. Salet er framleis størst i Noreg, men fleire land følgjer etter, spesielt Sverige og Frankrike. I løpet av 2009 fekk Salma fleire prisar, blant anna Sjømatprisen og Akvaprisen. Stjernekokken Øyvind Hellstrøm er så begeistra for Salma at han gav ut ei eiga kokebok med Salma-oppskrifter i 2009.

Bremnes Fryseri har store forventningar til 2010. For første gang på mange år vil tilførselen av oppdrettslaks til verdsmarknaden gå ned. Dette skuldast stor reduksjon i den chilenske lakseproduksjonen, og berre ein liten auke i Noreg. Etterspørselen etter laks var stigande gjennom hele 2009, og har halde fram med å stige inn i 2010. Me ventar at denne situasjonen vil føra til gode lakseprisar gjennom hele 2010. Bremnes Fryseri vil selja 25000 tonn sløgd laks i 2010, eit rekordhøgt volum.

Bremnes Fryseri vil halda oppe vårt sterke fokus på drifta og jobba for å ha høg kvalitet på arbeidet og produkta me leverer. Kvar dag har me 200 medarbeidarar med kunnskap, erfaring og entusiasme som legg ned ein fantastisk innsats for å få dette til. Dette er imponerande, og det vil forsterke bedrifta og gi gode, trygge og lønnsame arbeidsplassar.

Eg vil også i år retta ei stor takk til alle våre tilsette som kvar dag legg ned ein fantastisk arbeidsinnsats for Bremnes Fryseri.



Olav Svensen jr.

Kort avstand til middagsbordet



Vår plassering i forhold til marknadane, samt vår velfungerende logistikk, gjer at me kan innfri våre kundars forventningar om kvalitet og effektivitet.

Oppskrift

Råmarinert Salma med agurksalat

for 2 personar

200 gram Salma
Laksekaviar
Agurk
Pepperost frå Myrdal Gard
God olivenolje (extra virgin)
Sitron
Graslauk
Grovt fingersalt og svart pepar
Friske urter



Skjer laksen i tynne skiver, omlag 3-4 millimeter. Legg laksen på tallerkenen og pensla med sitron og olje du har rørt saman. Laksekaviaren legg du på toppen. Strø nykverna pepar, fingersalt og graslauk over. Vend strimlar av agurk i litt olje, og bland med urter og osteterningar som du legg rundt laksen.

Fengselet Mat og Vinkjellar og kokk Ola Dahl Andersen på Leirvik tilbyr spanande smaksopplevelinger, servert i historiske og koselige lokale.

Fengselet vart bygd i 1861-63. Lokala vart tilrettelagde for restaurant, og i oktober 2000 kunne dei fyrste gjestene møta desse flotte lokalane som osar av historie.



Matvegen® De historiske
HOTEL & SPISESTEDER





*Ein enkel veg til
eksklusive
måltid*

Bremnes Seashore
sine produkt har
kvalitetsfordelar på farge,
kjøttkvalitet, fastleik og
smak.

Rogn

Me brukar rogn frå *Salmo Breed*-stamma. Produksjonen av stamfisk, rogn og avlskjerne byggjer på målretta avlsarbeid. Avlsarbeidet er målretta for å tryggja godt smoltutbytte, høg superiordel og optimalt filetutbytte. Avlsarbeidet har også fokus på eigenskapar som gir motstand mot dei biologiske utfordringane fisken møter i produksjonstida.

Stamfiskanlegga som leverer rogna er sertifisert etter GlobalGap-standarden, og slik sikrar me at dei harkontroll på produksjonen sin. Rognproduksjonen er basert på familieavl for å få fram ein laks med dei beste eigenskapar. Me kjøper augerogn til våre settefiskanlegg. Resten av produksjonssyklusen styrer me i eigne anlegg.

Roe: We use roe from the *Salmo Breed* stock, and the broodstock facility that delivers the roe is certified in accordance with the GlobalGap standard. The production of broodstock, roe and breeding populations is based on breeding work that cultivates a good smolt yield, a high proportion of superior quality, optimal fillet yield and fish that are resistant to biological challenges during the production period.





Smolt: Good smolt quality is a key factor in successful salmon production. Bremnes Seashore has three smolt facilities and it also owns 16.7 per cent of Sævareid Fiskeanlegg. We have invested a great deal in building modern smolt facilities. As a result of our investments and the fact that our workforce is highly qualified, smolt quality is steadily improving.

Settefisk

Bremnes Seashore har tre settefiskanlegg som produserer smolt. Desse anlegga er Gjeravåg og Skålevik i Bømlo, og Tørvåg i Vindafjord. I tillegg eig selskapet 16,7 prosent av Sævareid Fiskeanlegg.

Ein viktig faktor for å lukkast med lakseproduksjon er å ha smolt med god kvalitet. Me har derfor satsa mykje på å byggja ut settefiskanlegga slik at dei held ein god moderne standard. For tida går det føre seg ei betydeleg utbygging av Sævareid, som gir grunnlag for ein klar auke i talet på smolt og storleiken på smolten.

Dei naturgitte tilhøva ved settefiskanlegga våre er ulike. Me har derfor lagt vekt på at produksjonen vert tilpassa dei naturgitte mulighetene. På Sævareid er det svært mykje vatn og me produserer derfor den største smolten der. Dei andre anlegga har sine særeigne rammer. Det er også viktig at produksjonen er lagt opp slik at det er nok vatn til fisken i både regnfulle og tørre år. Det er viktig å ta omsyn til dei naturgitte rammevilkåra for å få ein smolt som er motstandsdyktig mot ulike biologiske utfordringar, og som veks godt i sjøen.

Kunnskap er nøkkelen for å lukkast med settefiskproduksjon. Me har ein arbeidstokk som har tileigna seg god kompetanse og erfaring. Resultatet av investeringar og ein godt kvalifisert arbeidsstokk gir stadig betre smoltkvalitet.

Konsernet Bremnes Fryseri har anlegg på 17 lokalitetar. Fellesnemnaren til desse lokalitetane er gode straumtilhøve og reint, friskt vatn. For å oppnå endå betre tilhøve, gjer me stadig justeringar av anlegga for å sikra optimal plassering på kvar lokalitet. Me nyttar store og djupe nøter, slik at fisken kan flytta seg til den delen av sjøen som har mest mogleg optimal temperatur. På djupet er vatnet varmare om vinteren, og kaldare om sommaren. Laksen får dermed ein meir optimal temperatur i større delar av året.

Sjølv om merdane er djupare, har me ikkje meir fisk i nøtene. Dermed vil tettleiken i merdane vera mykje lågare enn det som myndighetene har sett som grense. I dei nye merdane med omkrins på 160 meter, er tettleiken omlag halvparten av myndighetskrava. Dette medfører at fisken trivest betre og me får ei betre fiskehelse.

Det siste året har me òg starta eit samarbeid med andre oppdrettselskap i regionen. Me skal samordna utsetta på ein slik måte at me får felles brakklegging i store område. Dette vil gi ein positiv effekt på fiskehelsa. I 2009 ser me allereie effekt av dette arbeidet. Talet på PD-tilfelle har gått sterkt tilbake i løpet av året i heile området som dette prosjektet omfattar. Me har og utvida samarbeid med andre oppdrettselskap i brakkleggingsområda i arbeidet med å få betra lusesituasjonen.

I løpet av 2009 kjøpte me Espevær Fiskeoppdrett AS som har to matfiskkonsesjonar for laks. Espevær har tre lokalitetar i Bømlo kommune. I tillegg samarbeider me med lokale oppdrettsselskap gjennom samdrift på fleire lokalitetar.

Me arbeider mykje med ulike tiltak for å oppnå lik kvalitet på fisken heile året. Me produserte 20000 tonn i fjor, og reknar med å auka produksjonen endå meir i løpet av dei neste åra. Det er investert i mykje nytt utstyr og mange nye lokalitetar dei siste åra. Dette har gitt oss monaleg auka produksjon innanfor dei rammene som ligg i konsesjonsvilkåra. Dei som arbeider på anlegga har gjort ein stor innsats i optimalisering av produksjonsmetodar og utnytting av produksjonsutstyr.

Marine growers: The Bremnes Fryseri group has fish farms in 17 locations. They all have good currents and clean, fresh water. We use big, deep nets in our cages for improved fish health and welfare. We put a lot of effort into various measures aimed at maintaining the quality of the fish throughout the year. Production in 2009 amounted to 20,000 tonnes, and we aim to increase production in the next few years.



Fish welfare: We maintain a strong focus on fish welfare and fish health. We use locations with strong currents that provide clean, oxygen-rich water for the fish. Big cages with deep nets mean that the fish have plenty of room and can choose to stay in the best sea temperature at all times. The salmon are given feed that is optimal for the conditions. Throughout the production cycle, we try to avoid anything that can cause stress for the fish.



Fiskevelferd

Me baserer produksjonen på prinsippet om at oppdrettsforholda skal vera så like naturen som mogleg. Derfor prøver me i heile produksjonen å læra av biologien til villaksen.

Me har eit stort fokus på fiskevelferd og fiskehelse. Ein frisk laks som trives er også ein laks som veks godt og som gir best mogleg lønnsemd. Derfor har me valt ut straumrike lokalitetar som gir reint oksygenrikt vatn til fisken. Me har store merdar med djupe nøter slik at fisken har god plass og kan velja å vera i den beste sjøtemperaturen heile tida.

Me gir laksen føre som er optimalt tilpassa våre tilhøve, og tildeler føret slik at laksen held seg sunn og frisk. Me sorterer ikkje laksen i sjøanlegga våre fordi det medfører stress. Gjennom heile produksjonssyklusen prøver me å unngå forhold som skaper stress for laksen.

I løpet av 2009 har me sett ein positiv effekt av dette arbeidet.

Slakteri

Ved hjelp av gode motiverte medarbeidarar og innovativ tenking i alle ledd, produserer H-82 høgkvalitsprodukt som er etterspurde av kresne kundar frå heile verda.

Bremnes Seashore legg ned mykje tid og ressursar i å trygga og dokumentera kvaliteten. Me har fleire godkjenningar og sertifikat som gir oss muligkeit til å levera produkta våre til kvalitetsbevisste kundar og marknader.

- I 2009 pakka me totalt 18 000 tonn laksefisk. Av dette var omlag 86 prosent frå eigen produksjon. Resterande pakking vart gjort for våre gode avtaleprodusentar.
- Hovudtynda av slaktekvantumet gjekk ut som ferskvare. Det ble i 2009 frose inn om lag 600 tonn.
- Ved slakteriet var det 38 årsverk ved utgangen av 2009. Me legg stor vekt på opplæring, og legg til rette for fagbrev og varierte arbeidsoppgåver, noko som bidreg til fagleg utvikling og kvalitet i produksjonen.
- H-82 vart godkjent for levering av heilfisk til den russiske marknaden sommaren 2009.

I 2010 har me starta bygginga av eit nytt, topp moderne lakseslakteri. Her blir fleksibilitet, effektivitet, kvalitet, ergonomi og hygienisk design vektlagt. Dette vil sikra at Bremnes Seashore kan fortsetja å vidareutvikla den gode kvaliteten som pakkenummeret H-82 er kjent for.

Harvesting plants: With the help of qualified, motivated employees and innovative thinking throughout the organisation, H-82 produces high-quality products that are sought after by demanding customers all over the world. In 2009, we packed a total of 18,000 tonnes of salmon, and most of the gutted fish was sold as fresh produce. Bremnes Seashore places great emphasis on professional development and quality in the harvesting plant. We hold several authorisations and certificates that enable us to deliver to quality-conscious customers and markets. In 2010, we started building a new, state-of-the-art salmon harvesting plant.



Processing: In 2009, we started using our new, forward-looking processing plant. We now have an efficient plant with the capacity to produce a substantial volume of high-quality processed salmon products. In 2009, 4,200 tonnes of raw materials were used for processing, and most of the finished products left the plant as fresh produce. About 25 per cent of the raw materials were used in the production of our unique Salma™ product.



Foredling

Ny og framtidsretta foredlingsfabrikk vart teken i bruk i februar 2009. I den nye fabrikken er det produksjonslinjer med hygienisk design. TINE BA har bidrige med erfaring og kunnskap på dette området. Me har no eit effektivt anlegg som har kapasitet til produksjon av eit betydeleg volum av høgkvalitets, vidareforedla lakseprodukt.

- I 2009 vart det nytta 4200 tonn råstoff til foredling ved fabrikken.
- Om lag 25 prosent av råstoffsletta vart nytta til å produsera vårt unike produkt SALMA™. Dette produktet har ei svært positiv utvikling, og utgjer ein stadig større del av produksjonen vår.
- Ved foredlinga var det ved utgangen av 2009 omlag 60 årsverk. Som i pakkeriet, blir det lagt stor vekt på grundig opplæring av nytilsette og tilrettelegging for fagbrev.
- Hovudtyngda av dei foredra produkta gjekk ut som fersk vare.

Me har i dag eit prosessanlegg som tek vare på den gode kvaliteten på laksen. Etterspurnaden etter ferske, foredra lakseprodukt er aukande. Med eit nytt, effektivt foredlingsanlegg, er me i stand til følgja den veksten.

一
三

Bremnes Seashore sel produkta sine til kundar i heile verda, med hovudvekt på ferskmarknaden.

Lokaliseringa til Bremnes Seashore gjer at selskapet har kort veg til EU-marknaden, Russland og flyplassar. Saman med Bremnes Seashore sine unike kvalitetsfortrinn, gjer dette at me kan tilby kundane ei spesiell oppleving av fersk fisk som det finst betalingsvilje for.

Stadig meir av heilfisk og foredlade produkt går ut på direktebilar til våre viktigaste marknader. Bremnes Seashore har ein høg servicegrad og selskapet får gode skussmål frå kundane på at produkta og emballasjen vår ser skikkelege ut, og at me opptrer på ein ryddig måte.

Kundane i Europa vert stadig meir opptekne av fiskevelferd og berekraft. Bremnes Seashore har ein oppdrettsfilosofi som harmonerer godt med dette.

H 82



On the table: It is no wonder that salmon is a popular ingredient in cooking. It is healthy, tasty, easy to prepare and can be used in a number of different ways. Salmon can be poached, fried, baked or grilled, and it is an excellent ingredient in wok dishes or casseroles. Fresh salmon is the basis of great experiences at the dinner table. Salmon from Bremnes Fryseri ensures you an easy way to a meal of great quality and taste.



På bordet

Gledene ved eit godt måltid mat, gir påfyll for både kropp og sjel. Og kva er betre å servera enn kvalitetslaks frå Bremnes Fryseri? Med våre produkt kan du laga alt frå dei enklaste kvardagsrettar til flotte gourmetmiddagar.

Nordmenn er storforbrukarar av laks. Det er ikkje så rart. Fisken er sunn, velsmakande, lett å laga til, og bruksområda er mange. Laksen kan kokast, steikjast, bakast, eller grillast, og han er utmerkt som råvare i wok eller gryterettar.

Laks frå Bremnes Fryseri gir deg ei god oppleving ved middagsbordet. Gode kokkar frå inn- og utland prisar laksen for ei råvare med utsøkt kvalitet og smak. Og gode råvarer er som kjend utgangspunktet for perfekte rettar på bordet. Også for oss som vil ha eit lettvint og velsmakande måltid.

FRÅ START TIL MÅL

Rogn



Settefisk



Matfisk



Velferd



Rogn
(Jan. 08)

Yngel
(Mar. 08)

Smolt-utsetting
(Apr. 09)

START

Me har utvikla rogn med spesielt gode eigenskapar i samarbeid med stamfiskanlegg.

Rogna blir klekt ut og yngelen veks fram i eit ferskvatnanlegg.

Laksesmolten på omlag 100 gram vert sett ut i sjøen der han veks fram til han kan haustast.

Slakting



Foredling



Sal



Middag



Hausting (Aug. 10)

Laksen på omlag 5 kilo blir transportert levande frå dei ulike oppdrettsanlegga, til opptak og handsaming ved fabrikken i Øklandsvåg.

Distribusjon

Ferdige produkt av ulike slag, blir klargjort og lasta for distribusjon til kundar over heile verda.

MÅL

Bærekraft

I samarbeid med fôrleverandørane våre arbeider me aktivt for å utvikla føret slik at me utnyttar ressursane betre. I dag kjem ein del av fiskeråstoffet som biprodukt frå filéitindustrien. Me brukar også meir rapsolje i dag, som i sum reduserar bruken av fiskeråstoff.

Ein del av fiskebestandane i verda er, eller har vore overutnytta. Ansvaret for dette ligg på dei styresmaktene som skal forvalta fiskeria. Me stiller krav til fôrleverandørane om at råvarene som blir brukt i føret skal vera frå regulerte og berekraftige fiskeri. Me vil i samarbeid med myndigheter og fôrleverandørar arbeida aktivt med å balansera uttaket av fiskebestandar og betra utnyttinga av råstoffet ytterlegare.

Lakselus er den største utfordringa me har i dag. Lakselus er et lite krepsdyr som lever av lakseskinn. Det er i dag eit lite problem for oppdrettslaksen, men lakselusa kan ha innverknad på dei ville laksefiskbestandane, og derfor er det viktig å ha lite lakselus i anlegga våre. Me er nøyne med å halda låge lusenivå i anlegga. Me brukar leppefisk i alle merdane våre for å fjerne lakselusa på ein miljøvennleg måte. For å betre effekten av dette arbeidet, har me i samarbeid med andre oppdrettselskap laga ein plan for å leggja brakk store område langs kysten. Når ein gjer dette på rett måte, vil ein bryte produksjonssyklusen til lakselus. Dette vil vera ein miljøvennleg måte å handtere denne utfordringa på.



Lakseoppdrett er den mest effektive kjøttprodusenten me har. Laksen utnyttar føret betre enn både kylling og gris.

Sustainability: Together with our feed suppliers, we make active efforts to develop the feed so that we can utilise the resources better. We also require our feed suppliers to use raw materials from regulated and sustainable fisheries, and, together with the authorities and feed suppliers, we will work to balance the outtake of fish stocks and further improve utilisation of the raw materials. We will also continue our efforts to keep the level of salmon lice in our facilities as low as possible.



*Trygg, bærekraftig og
sunn mat*

A photograph of a woman with blonde hair, wearing a red and yellow high-visibility vest over a red jacket, smiling and holding a handful of dark brown fish feed pellets in her cupped hands. The background features stylized white clouds against a blue sky.

Norsk oppdrettslaks er
trygg og sunn mat.
I Noreg blir det lagt ned
eit betydelig arbeid i
både overvakning av
oppdrettsfisk og fôr til
denne. Mattilsynet fører
tilsyn over næringa.



Fokus på trygg og god mat

Kvalitetssikring

Opplæring – Dyktige og engasjerte medarbeidrarar er ein føresetnad for å kunne produsera varer av høg kvalitet. Mange av våre tilsette er fagarbeidrarar innan fiskeindustri- og akvakulturfaget. Nye tilsette får ei innføring i hygiene og HMT (helse, miljø og tryggleik), i tillegg til dei aktuelle produksjonsoppgåvene.

Sporbare produkt – Me sikrar at produkta våre er sporbare. Det vil seia at me kan følgja historia til kvar einaste fisk. Dette gjer me med eit kvalitetssystem som merker, tek vare på og knyter alle opplysningar til kvar enkelt fisk. På denne måten kan me følgja bakgrunns historia til kvar enkelt fisk frå rogn til kunde.

Kontroll og overvaking av produksjonsprosessane – Mikrobiologiske og kjemiske analyser av produkt, produksjonsutstyr og vatn blir utførte i følgje ein eigen kontrollplan. Temperaturmålingar og kontroll av reingjering er også med på å sikra produktkvaliteten. Måling av kvalitetsparametarar som kvalitetsvurdering, farge og feittinnhold i fisken hjelper oss å produsera fisk med jamn kvalitet, i samsvar med kundespesifikasjonane.

Kvalitetstandarden

GlobalGap (Eurogap) – Me er godkjent etter kvalitetsstandarden GlobalGap. Dette er ein standard som sikrar kvaliteten på laksen ved å stilla krav til alle deler av produksjonen, frå rogn til slaktefisk. Leverandørane våre av mellom anna fôr og rogn, må også innfri krava i standarden.

GlobalGap har fokus på fire område:

- Matvaretrykkleik
- Miljøvern
- HMS
- Dyrevelferd

BRC (British Retail Consortium) – Me er også godkjent etter standarden BRC. Dette er ein global standard for næringsmiddel som har fokus på trygg mat.

Kundar – I tillegg er me godkjent etter ein rekke kundespesifiserte kvalitetskrav



Focus on safe and good food

Quality assurance

Training – It is necessary to have skilled and enthusiastic employees in order to produce high-quality products. Many of our employees have craft certificates in the fish processing and aquaculture trades. New employees are given an introductory course in hygiene and HSE [health, safety and the environment] in addition to training in relevant production tasks.

Traceability – We ensure that our products are traceable, i.e. that we can follow each individual fish from roe to finished product. We ensure traceability by using a production system based on marking and storing and linking all information to each individual fish.

Control and monitoring of production processes – Microbiological and chemical analyses of products, production equipment and water are carried out in accordance with internal control plans. Temperature measurements and inspections of cleaning are also part of ensuring the quality of our products. The measurement of quality parameters such as quality classification, colour and fat content help us to produce fish that has a consistent quality and is in accordance with customer specifications.

Quality standards


GLOBALGAP (EUREPGAP) – Bremnes Seashore complies with the GLOBALGAP quality standard. GLOBALGAP is a standard for the production of food. In order to ensure the quality in every stage of the process, requirements are set for harvesting, packing and sale. Suppliers to facilities, i.e. of feed and roe, must also meet the standard's requirements.

GLOBALGAP focuses on four areas:

- Food safety
- Environmental protection
- Worker health and safety and the working environment
- Animal welfare

BRC (BRITISH RETAIL CONSORTIUM) – BRC is a global standard for food products that focuses on food safety. Bremnes Seashore achieved its first BRC certification in 2003. The certification must be renewed every year, which means that we must continuously focus on quality assurance work.

Customers – we are also approved by our customers' quality standards.



BØMLO



SVEIO



KVINNHERAD



JONDAL



VINDAFJORD



FINNØY



STRAND



SANDNES



FUSA

MATFISK

SETTEFISK

PAKKERI/FOREDLING/ADM.



Operations: Since the early 1960s, when the company started breeding rainbow trout, Bremnes Seashore has become a major player in farming and processing salmon. The company handles the whole production chain, from fry to finished products distributed to consumers. The company has expanded considerably in recent years. The Bremnes Fryseri group employed 200 persons in 2009, and we had a turnover of about NOK 600 million.



Operativ verksemnd

Frå tidleg på 60-talet , då selskapet starta med oppdrett av regnbogeaure, har Bremnes Seashore gradvis utvikla seg til å bli ein stor aktør innan oppdrett og foredling av laks. Selskapet har hand om heile produksjonskjeda, frå yngel i landbaserte settefiskanlegg, via oppdrett, slakting og foredling, til ferdige produkt for distribusjon til forbrukar. Selskapet har ekspandert kraftig dei seinaste åra. Konsernet Bremnes Fryseri sysselsette i 2009 200 personar, og hadde ein omsetnad på over 600 mill kr.

Bremnes Seashore har aktivitetane sine spreidde i områda Sunnhordland, Hardanger og Rogaland. I tillegg til eigardel i Sæverareid Fiskeanlegg i Fusafjord kommune, har selskapet eit settefiskanlegg i Vindafjord og to på Bømlo. Med 20 oppdrettsanlegg og fleire landbasar er selskapet representert i 9 ulike kommunar . Prosessanlegg og administrasjon er lokalisert i Øklandsvågen i Bømlo kommune. Her tok ein i 2009 i bruk nye lokale på 4000 kvadratmeter til vidareforedling, ny kjøleterminal, samt nye lokale for administrasjon.

Dei forskjellige produkta frå Bremnes Seashore blir leverte til ulike marknader over heile verda. Tilnærma heile produksjonen går ut frå prosessanlegga som ferske produkt av ulik foredlingsgrad. Produkta går dagleg ut med vogntog frå prosessanlegga i Øklandsvågen til ulike destinasjonar på kontinentet eller i Russland. Varer som skal til fjerne marknader, blir vidaresendt med fly frå ulike flyplassar. I 2009 leverte selskapet produkt tilsvarende 18.000 tonn laks, noko som svarar til 1100 fulle vogntog.

Bremnes Seashore legg stor vekt på at vekst og utvikling skal vera miljøvennleg og skje innafor berekraftige rammer. Ein har av denne grunn satsa på å etterleva internasjonale miljøstandadar, samt lagt vekt på utvikling av kompetanse og kunnskap hos eigne tilsette. Selskapet har i dag gode system og rutinar for å tryggja dyrevelferd og sikra at produksjonen skjer på ein berekraftig og forsvarleg måte for miljøet.

Med 200 tilsette og aktivitetar på sjø og land i mange lokalsamfunn, er det viktig for Bremnes Seashore å vidareutvikla selskapets gode omdøme hos myndigheter, kommunar og i dei forskjellige lokalsamfunn. Me har derfor aktivt bidrege med støtte til lokale samferdsleprosjekt og støtte til kultur og ungdomsarbeid i lokalsamfunn der selskapet har aktivitet. I tillegg til dette legg me vekt på trivselsfremjande tiltak for eigne tilsette. Med motiverte medarbeidarar, medverkar me på denne måten til auka tillit og truverde i relasjonar mot myndigheter og lokalbefolknign.



Summary in english

BREMNES FRYSERI is now exclusively a holding company. It owns BREMNES SEASHORE, which is engaged in the production of smolt and marine growers and in harvesting and packing salmon.

KEY FIGURES <i>In NOK 1 000</i>	2009	2008	2007	2006
Operating revenues	650 014	475 620	373 010	328 662
Operating profit/loss	72 089	31 669	57 829	87 656
Financial items	10 193	-42 391	43 788	13 122
Pre-tax profit/loss	82 282	-10 721	101 617	100 778
Total assets	918 934	727 143	622 053	527 681
Total equity	254 495	199 669	219 548	158 858
Net interest-bearing debt	500 291	392 814	268 808	265 764
Equity ratio	27.7 %	27.5 %	35.3 %	30.1 %
Book value per licence	5 144	2 821	2 894	3 052

GROWTH/ DEVELOPMENTS

The salmon farming industry started the year 2009 with great expectations, but we were also facing a future characterised by widespread uncertainty about the market situation, as the financial crisis was in its initial phase. Luckily, things turned out a lot better than we had feared. The year was characterised by high demand and good prices. People ate a lot of salmon in 2009. The total increase in export value from Norway was as high as 31%. That is impressive.

The year was also characterised by a strong environmental focus on the salmon farming industry. Combating salmon lice was the biggest challenge in 2009 and it will continue to be so in 2010. This is a challenge that we must deal with, and it is important for a lot of reasons – first and foremost to prevent the lice from becoming a threat to wild salmon when they migrate in spring, but also to safeguard the reputation and future of the salmon farming industry. Unfortunately, when the industry focuses on one problem, many other players take advantage of the situation to harm the industry by spreading misinformation. We must emphasise the fact that we produce good, healthy and environmentally friendly food that is in demand in more than 100 countries around the world.

The year 2009 was a year of great activity for Bremnes Fryseri AS. The smolt facilities produced more smolt than ever before and a record amount of smolt was released. The amount of released smolt increased in 2009, an increase that also has to do with the purchase of Espenvær Fiskeoppdrett AS in 2009, which has two licences.

A new salmon packing plant is currently being planned. Once the packing plant is in place, our capacity will increase greatly and we will achieve a substantial rationalisation effect. This plant will build on and enhance the good quality of today's salmon products.

The new processing plant has been in operation since February 2009. It is demanding and challenging to start up a new plant, but, following a running-in period of a few months, it is now working according to plan. The quality of the salmon products is fantastic. This is reflected, among other things, in sales of Salma. Salma has gained great recognition, which we are very happy about, and it has started to become established as a brand among consumers. In 2009, Salma won several prizes, such as the Seafood Award (Sjømatprisen) and the Aqua Award (Akvaprisen). The famous Norwegian chef Øyvind Hellstrøm is so enthusiastic about Salma that he published a cookery book dedicated to Salma recipes in 2009.

Bremnes Fryseri has great expectations for 2010. For the first time in many years, the supply of farmed salmon to the global market will decline. The demand for salmon increased throughout 2009 and it has continued to do so in 2010. We expect the situation to result in good salmon prices in the whole of 2010. Bremnes Fryseri will sell 25,000 tonnes of gutted salmon in 2010, a record volume.

Bremnes Fryseri will maintain its strong focus on operations and it will endeavour to keep up the quality of the work and the products we deliver. Every day, almost 200 knowledgeable, experienced and enthusiastic employees put in a fantastic effort to achieve this. That is impressive, and it will help to strengthen the company and ensure good, secure and profitable jobs in future.

Styret



Øyvind Fossøy
Styreformann



Odd Steinsbø
Styremedlem



Olav Svendsen jr.
Konsernsjef/styremedlem



Bjørn Willy Sæverud
Styremedlem



Torbjørg Sæverud
Styremedlem

Ledergruppa

Fra venstre

Olav Svendsen jr.,
Bjørn Willy Sæverud,
Torbjørg Sæverud,
Einar Eide,
Ragnhild Kringeland,
Silje Kathrine Alsvåg,
Vidar Helvik,
Geir Magne Knudsen,
Terje Sæverud,
Simon Nesse Økland,
Peder Hopland,
Astrid Sørensen Meling.



Våre viktigaste ressursar

Bremnes Seashore pr. 31.12.2009

Settefisk Skålevik

Hellen Dag Helge
Sørvik Ole

Settefisk Gjeravåg

Berentzen Elin Solheim
Hollund Kristian
Robberstad Inge

Settefisk Trovåg

Haraldseid Øyvind Jakob
Larsen Marijann Belt
Skogen Anne Brith
Svendsbøe Torunn
Ånestad Jorunn

Oppdrett Hardanger

Haugen Knut
Hesvik Øyvind
Jensen Håkon
Lundal Vidar
Selsvik Dag-Kjetil
Toen Jarle Jensen

Oppdrett Sunnhordland

Bø Kjetil Lavik
Eriksen Ole Petter
Ervik Bjarte
Ervik Magnar
Farestveit Tore
Helgesen Ernst Olav

Julsrud Elisabeth Winterhus

Kvarven Frode
Mathisen Oddbjørn
Olsen Endre Johan
Siggervåg Morten
Sæverud Bjarte
Sæverud Oddvar
Søvold Geir Olav
Tunge Andreas
Westergaard Torbjørn
Økland Ernst Georg
Økland Sigve

Oppdrett Rogaland

Alsvik Stig Arvid
Breivik Knut
Bø Alf Anders
Eike Karina
Grytdal Hanne
Johannessen Klaus Andreas
Knudsen Christian
Knudsen Glenn Egil
Reinhaug Øystein
Steinsvik Trond
Wigdahl Henriette

Servicebåt MS Laila

Føyen Terje
Natterøy Thomas
Svendsen Sverre
Synnes Pål Erik R

Pakkeri

Andersen Heidi
Biriukov Roman
Boncuks Aleksandrs
Borlaug Sandra C. U.
Butkus Saulius
Dang Ngoc Hoang Anh
Bø Svein Tore
Endziulis Eimantas
Glørstad Vidar
Halvorsen Constanse
Kanarskas Raimondas
Kazlauskas Kazimieras
Kolbjørnsen Marte
Lapenas Rolandas
Lukosiunas Gintautas
Lukosiunas Mantas
Macijauskas Rolandas
Magnusson Benjawan
Meling Ronny
Mitrulevicius Robertas
Mohammed Sharif Barqawi
Munoz Patricio A Adrover
Myren Reidar
Mæland Dagne Rannveig
Navikauskas Laila Sele
Navikauskas Remigijus
Nesse Randi Paulsen
Nguyen Huy Ngoc
Nordtun Reidun Hus
Novikovas Eugenijus

Pacevicius Vytautas

Panchenko Germans
Phoemwicha Pornpimon
Piliunas Tomas
Pongsakased Nattasit
Prochorecva Viktorija
Prochorocevas Olegas
Randen Anette
Rasmussen Mariann
Risnes Rebekka
Rystad Anne Liv
Samolytè Monika
Sediqi Sharif Mohammed
Sett Silvio
Skjolde Ingunn
Skjæveland Ingrid Lene
Sueaklang Kanokthip
Sulymin Naman Hamid Asse
Tubelyte Evelina
Vanagas Svajunas
Vanagiene Sandra
Værøy Stig-Norvald
Ådnanes Lars Magne

Foredling

Abaksins Vladimirs
Aboalhaja Noralhq M
Abraham Dusan
Akbery Golam Heider A
Bjelland Grete
Bjelland Randi

Brendøy Marit Gurin
Brundziene Jurgita
Brundziene Rasina
Bøe Margot
Cumurija Sladan
Ekberg Trygve Fauskanger
Fylkesnes Linda
Geitung Irene J
Gjøsæter Bodil Karin
Grindheim Ole Kristian
Gåsland Inger Marie
Habbestad Malin
Habbestad Ole
Habbestad Ragna Iversen
Haidary Abdul Ahad
Hallaråker Kari Birgitte
Hellen Ingvald Stølen
Hidle Lina
Hovland Annlaug Regine
Husa Arvid
Høgsand Helge Hurtig
Innvær Bjørnar
Innvær Sissel Elin Grønås
Johnsen Leif Otto
Johnsen Marit
Kanarskiene Egle
Lapeniene Irma
Larsen Bjørg Helen
Larsen Janne
Legøy Thomas Aga
Le Huynh Hoa Thi

Lidal Hanne Grethe
Lidal Ruth
Mosavi Ali
Nakutis Nerijus
Naseri Ali
Nesse Jenny
Nesse Jorunn
Nguyen Oanh Hong
Novade Sana
Olsen Anette
Paulsen Torill Kvarven
Rakhal Suleiman Ali
Rascius Irmantas
Rasciuviene Andzelika
Rezaee Mohammad Nasim
Sakinis Arturas
Salanova Leticia Segura
Salih Bootan Mustafa
Santana Thomas Økland
Sidow Mohammed Maalin
Simonaviciene Ausra
Simonavicius Edvardas
Sortland Cathrine
Sortland Martin
Stokkenes Monika
Stokkenes Vidar
Stoknes Susanne
Sæverud Magda
Sønstabø Hege
Ta Minh Nguyet Thi
Tamosaitiene Neringa

Tamosaitis Ernestas
Tverborgvik Inga Marie Meling
Vold Kåre Jan
Våge Rita Johanne
Wang Lina
Vold Johan
Vold Steffen
Ytrøy Solfrid
Zebraitis Dainius
Zekic Mersija
Økland Nils Ragnar
Økland Pattarapan
Ånderå Trond

Logistikk
Bråthen Anne Meling
Fløtre Ørjan
Hallaråker Dag Oddvar
Lysaker Steffen
Magnusson Hans
Mammadi Ali
Navikauskas Aistis
Sortland Bjarne

Teknisk avdeling
Folgerø-Holm Melankton L
Hopland Peder
Mathiassen Kjell Gunnar
Rolfsnes Olaf
Sørvik Bjørn Ketil

Økland Audun
Ådnanes Geir Ivar
Kantine
Djuvik Aud
Hjellbakke Anita
Nguyen Hiep Ngoc
Sæverud Reidun

Administrasjon
Alvsvåg Silje Kathrine
Bruun Jørn-Rune
Eide Einar
Haugland Tine Pernille M.
Helvik Vidar
Knarvik Bernhard
Knarvik Torild
Knutsen Geir Magne
Kringeland Ragnhild
Meling Astrid Sørensen
Morlandstø Jan Ove
Mæland Kristin
Sortland Bodhild Hope
Svendsen Olav O.
Sæverud Bjørn Willy
Sæverud Eivind
Sæverud Terje
Sæverud Torbjørg
Økland Simon Nesse

Styret si årsmelding

VERKSEMDA SIN ART OG LOKALISERING

Bremnes Fryseri AS er eit holdingselskap med kontor i Bømlo kommune. Verksemda til morselskapet omfattar drift av eigedommar og investering i andre føretak.

Verksemda til konsernet har hovudkontor i Bømlo kommune, med avdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Verksemda til konsernet omfattar i all hovudsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing og foredling av oppdretta matfisk.

FINANSIELLE FORHOLD

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnåde i 2009 eit resultat før skatt på -0,5 millionar mot -3,7 millionar i 2008.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar på -14,9 millionar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar vart -55,5 millionar for selskapet, og netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar 70,1 millionar.

Konsernet har og i 2009 hatt ein betydelig vekst. Omsetninga har auka med heile 37 prosent.

Konsernet sitt driftsresultat før avskrivningar (EBITA) vart 111,2 millionar, mot tilsvarende 60,1 millionar året før. Konsernet oppnåde i 2009 eit driftsresultat på 72,1 millionar, mot 31,7 millionar i 2008. Vekst i omsetning og resultat kjem dels av auka slaktevolum gjennom generisk vekst og oppkjøp, og dels som følgje av auka driftsmargin.

Konsernet sine netto finanspostar i 2009 utgjer 10,2 millionar, mot -42,4 millionar i 2008. Resultat før skatt vart 82,3 millionar, mot -10,7 millionar året før.

I 2009 var netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar 1,6 millionar for konsernet. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var -103,9 millionar for konsernet. Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar utgjer for konsernet 102,1 millionar.

Styret meinar at års- og konsernrekneskapen gir eit rett bilde av konsernet sine eigendalar, gjeld, finansielle stilling og resultat.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valutarisiko, kreditrisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet ser det som naudsynt, har ein styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordninger.

TILSETTE

Ved utgangen av året var det 204 tilsette i konsernet, fordelt på 87 kvinner og 117 menn. Det er ingen tilsette i morselskapet. Uavhengig av ønskja om likestilling mellom kjønna, har konsernet i sin rekrutteringspolitikk og avlønningsystem alltid lagt vekt på at det er den enkelte sin kompetanse og innsats som er avgjерande. Styret vil gje ros til dei tilsette for deira store innsats gjennom året.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHET

Konsernet har verneombod i alle avdelingar og eige arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet har halde fem møte i 2009. Konsernet har kartlagt arbeidsmiljøet og føretatt tiltak i forhold til resultatavundersøkinga. Konsernet har IA-avtale og dekkjer språkundervisning for framandspråklege tilsette. Verksemda er knytt til bedriftshelsetenesta i nærområda til avdelingane for å betra lokal oppfølging.

Verksemda har høgt fokus på tryggleik på sjø. Verksemda har investert mykje i nytt, sikrare arbeidsutstyr, og har i samarbeid med dei tilsette hatt ein gjennomgang av klede og personleg verneutstyr. Det vert nytta sikrare og meir tekniske plagg i denne delen av drifta, noko som gir både auka komfort og auka tryggleik for dei tilsette.

Det har vore høgt fokus på sjukefråvær og tiltak på området. Det totale sjukefråveret i konsernet er som følgje av dette redusert betydeleg, frå 7,8 prosent i 2008 til 6,5 prosent i 2009. Det var totalt 10 skader med registrert fråvær i 2009.

YTRE MILJØ:

Oppdrettsaktiviteten har i 2009 ikkje hatt rømming av fisk. Me har fokus på best mogleg integrering av oppdrettsanlegga i lokalmiljøet, og har gjennomført fleire tiltak for å redusera påverknad av nærområdet i form av støy og lys. Verksemda overvaker nøye sjøkvalitet og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikre ei berekraftig drift utan negative påverknadar på miljøet.

Det er etablert kjeldesortering av papir, restavfall og bioavfall. Det er også retuordning for plast og eiga ordning for ensilasje og anna spesialavfall.

SELSKAPET SIN FOU AKTIVITET

I konsernet har ein som målsetjing å driva aktivt med Forsking og utvikling (FoU). Arbeidet har vore konsentrert om utvikling og forbetring av kvalitet på slaktefisk, samt utvikling av nye filetprodukt. Selskapet sine FoU-aktivitetar blir utførte i nært samarbeid med norske forskingsmiljø.

MARKNADSTILHØVE/UTSIKTER FRAMOVER.

Inngangen av 2009 var prega av uvisse som følgje av finanskrisa. I løpet av året har etterspurenaden vist seg å vera god, og prisane i marknaden har vore aukande. Med gode driftsresultat dei siste åra og gode utsikter for sunn, trygg og god mat, vert det satsa for å tryggja vidare vekst.

Konsernet har dei siste åra investert betydeleg i oppbygging av biomasse og driftsutstyr som sikrar ei målretta og effektiv drift av matfiskverksemda. Det er også gjennomført ei betydeleg investering i nytt bygg og utstyr til foredling av laks og aure. Det vert satsa vidare på investeringar som skal sikra kapasitet til auka opptak av fisk og tryggja den gode kvaliteten til pakkemerket H-82.

Med bakgrunn i ovannemnde, vert det i samsvar med regnskapslova § 3-3 stadfesta at føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av regnskapen

RESULTAT OG DISPONERINGAR I BREMNES FRYSERI AS


